

Årsmelding for Øystese idrettslag (ØIL) 2011

Styret i ØIL har i 2011 sett slik ut:

Leiar	Hilde Hysing-Dahl	(1 år)
Nestleiar	Per Dysterud	(1 år)
Kasserar	Trude Torvund	(1 år)
Skrivar	Rune Vik	(1 år)
Styremedlem	Sonja Fagerheim	(1 år)
	Øystein Roe Sundsøy	(2 år)
	Åshild Bekkesletten	(2 år)
	Jan Tore Alvsaker	(2 år)
1. vara		(2 år)

Valnemnd dette året:	Britt Marit Fasteland	(2 år)
	Janne Britt Solås	(2 år)

Revisor	Signe K. Kvamsøy
---------	------------------

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/teppecurling	Lillian Kvamsøy
Fotball	Per Dysterud
Trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken

Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting - ingen gruppeleiarar

ØIL-styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

	Magnar Dalatun	(1 år)
	Einar Opsanger	(1 år)

Styret sitt arbeid

Styremøter

Styret har hatt 12 møter inkl. styremøte før årsmøte.

Spesielle oppgaver

- Utviding av fotballbanen i Øystese med grunnlag i tilsagn om ekstern finansiering.
- Etablering av Hardanger Talentutvikling AS inkl. idrettsskule. Eigarskapet er fordelt med ØIL-hovudlaget 50 % og ØIL-fotball 50 %.
- Arbeid med evt. ØIL som part i realisering av basseng-/stupefasilitetdelen i Hardanger bade og velværesenter. ØIL har tidlegare forplikta seg til å kjøpe aksjar for kr. 100 000 dersom senteret vert realisert innan 08.06.2012.
- Arbeid med ØIL-heimeside.
- Deltaking i workshop 29.09.11 i Grannehjelparegi, om inkludering i frivillige lag og organisasjonar.
- Politiattestar: Arbeid med innhenting av politiattestar for personar som utfører oppgaver som

inneberer tillits- eller ansvarsforhold overfor born/ungdom eller psykisk utviklingshemma.

- Vedtak om innkjøp av teppecurlingsett.
- Vedtak om innkjøp av hoppiski / utstyr for stimulering til aktivitet i hoppgruppa.
- ØIL-nytt 2011– kun eitt temanummer frå fotballen.
- Dugnadsinnsats som partseigar for PL Holmatun.
- ØIL har foreslått Roger Vassnes som kandidat til styret i Hordaland idrettskrets.

Aktivitet

ØIL-fotball er klart størst på aktivitet i idrettslaget og einaste gruppa med eige styre.

Dei andre gruppene med ein viss aktivitet har gruppeleiar men ikkje eige styre med økonomiansvar.

ØIL-fotball

Styret har hatt følgjande samansetning i 2011:

Per Dysterud (leiar), Roger Vassnes (kasserar), Arild Lillevik (sekretær), Anna Gyri Øye (materialforvaltar), styremedlemer: Sigmund Vik, Stig Edvin Aksnes, Kirsti Opsanger og Per Magne Normann.

-Aktive fotballspelarar og lag

ÅR 2011	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	55	38	3	12	108
Gutar/menn	100	40	16	44	200
Samla	155	88	19	56	308

Til saman hadde fotballgruppa 24 lag fordelt frå ”jente/gut 04” til senior, inkl. 6 samarbeidslag ØIL-fotball/Norheimsund fotballklubb.

ØIL-lag deltok på følgjande cup’ar:

23-26.juni 2011: Sognefjord Lerum cup med 5 aldersbestemte lag i fotball

24-31.juli 2011: Danacup med 4 samarbeidslag (Øystese / Norheimsund)

Lokale cupar

-Resultat

Fotball-seniorane kom på 6. plass i 3. divisjon med 36 poeng på 11 singlar og 3 uavgjort.

Av 24 aldersbestemte lag vann 6 lag alle sine kampar i 2011.

-Økonomi

Grupperekneskapet viser eit mindre underskot. Viser her til ØIL-rekneskap lagt fram på årsmøte.

Aktivitetar elles i ØIL-regi

- Leikeparti for born 3 – 5 år (u. skulealder) – i overkant av 20 born.
- Allidrett for born 6 – 10 år (barnetrinnet) – 16 til 18 deltakarar.
- Friidrett – 5 medlemer som deltek på ulike arrangement inkl. motbakkelop.
- Orientering – 1 utøvar som deltek på stemner og meisterskap.
- Fotballag i seriar på ulike nivå.
- 2 lag med 7 deltakarar på kvart lag i boccia-serien i Hordaland.
- Stemneparti damer hadde 9 deltakarar. Delteke på kretsturnstemne på Liland (Fana) i juni samt Gymnaestrada i Lausanne i Sveits i juli. På sistnemnde arrangement deltok ca 1200 frå Noreg.

- Postkassetrim m/ 10 postkassepunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrting, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen. Trass i litt "rufsete" ver i sommar viser protokollane at 425 personar har innskrivne vitjingar. Terje Solberg var i 2011 med for 30. gong. 5 personar var med for 25. gong. Elisabeth Fremgaard og Helge Lønning var i særklasse dei største poengsamlarane.
- Øystese-trimmen og open hall søndag 18.09.2011.
- Cato Guntveit – fotballskule 15-17.04.2011.
- Tottenham legends proff – fotballskule 18-20.06.2011.
- Tine-fotballskule 12-14.08.2011.
- Idrettskuletilbod (idrettsSFO-tilbod) gjennom Hardanger Talentutvikling AS.
- Super Søndag er etablert som eit tilbod til fotballspelarar som ynskjer å trene meir.
- Idrettsmerkeprøve gjennomført den 23. og 30.09.2011.
- Torefjellstrimmen søndag 04.09.2011 – markering/massemønstring av at det var siste året u/ monstermaster – vart avlyst grunna uvær.

Andre aktivitetar

- Aktivitetsprosjekt for ungdomar mellom 13 og 18 år som fell utanfor vanlege aktivitetar. Midlar frå fylkeskommunen. Samarbeid med ulike idrettslag og organisasjonar i kommunen.

Økonomi

Generelt er hovudlaget sin økonomi god. Laget flyt på tidlegare opptente / oppsparte dugnadsmidlar, kombinert med at ØIL-fotball hovudsakleg sørgjer for naudsynt inntekt til fotballgruppa sitt aktivitetsområde. ØIL-grasrotandelen erstattar omtrent tidlegare automatinntekter.

Rekneskapet for både hovudlaget og fotballgruppa vert ført av Hardanger rekneskap.

Medlemstal – med grunnlag i idrettsregistreringa

Medlemstal 2011

	0 - 5 år	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	13	75	58	3	140	289
Gutar/menn	15	113	53	14	185	380
Samla	28	188	108	17	325	669

Medlemsutvikling

	2007	2008	2009	2010	2011
Jenter/kvinner				275	289
Gutar/menn				371	380
Samla	639	655	661	646	669

Økonomi (resultatregnskap med balanse)

Jf. revidert rekneskap lagt fram på årsmøte.

Øystese 14. februar -2011

Rune Vik

-skrivar-